

Saksbehandlar: Roald Breistein
Sak nr.: 16/1691-15

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekne.
2. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.
3. Utvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen, for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.

Vedlegg:

Rapport status for forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak FT 10/2017 i møte 24.04.2017:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.
 - b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:
 - i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre
 - ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing
 - c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
 - d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017.

Kontrollutvalet handsama sak om status på oppfølginga i tråd med punkt 3 i vedtaket over i møte 27.02.2018 og gjorde slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.*
3. *Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.*

Vurderingar og konsekvensar

Sekretariatet har motteke vedlagte rapport med vedlegg frå fylkesrådmannen dagsett 14.05.2018 med status på forbetningsarbeidet i denne forvaltningsrevisjonen.

Sekretariatet registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført og malane som kontrollutvalet ba om er mottekne. Vidare vert det registrert at fylkesrådmannen meiner at den planlagde gjennomføringa av kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, er tilfredsstillande i ivareteke ved at arbeidet vert ferdig gjennomført i perioden april 2018 til november 2019.

Konklusjon

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet ber om ny status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen for det som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, i løpet av første kvartal 2019.

Det vert samstundes tilrådd at kontrollutvalet vurderer om denne saka bør sendast fylkestinget til orientering.